

Tabell C-fk

Saker med særskild fordeling for fylkeskommunane 2024

Følgjande saker ligg i tabell C i 2024*):

Kol.	Sak	Beløp i 1 000 kr
1	Opprusting og fornying av fylkesvegnettet	1 751 996
2	Kompensasjon forskrift om tunnelsikkerheit	604 352
3	Ras- og skredsikring fylkesveg	941 816
4	Ferjeavløysing	151 676
5	Tilskot til ikkje-statlege lufthamner	52 400
6	Nullutsleppsferjer	110 863
7	Tilskot til barnevern, Oslo	803 302
8	Tilskot til kapitalkostnader Nordøyvegen	80 000
9	Kompensasjon for endringar i inntektssystemet	0
10	Sum	4 496 404

*) Anslått pris- og kostnadsvekst i 2024 er 4,3 prosent.

Kolonne 1 – Styrking av rammetilskotet som kan nyttast til å fornye og ruste opp fylkesvegnettet

I saldert budsjett 2014 blei rammetilskotet til fylkeskommunane styrkt med 780 mill. kroner, som kan nyttast til å fornye og ruste opp fylkesvegnettet. Ordninga blei ført vidare og trappa opp med 200 mill. kroner i 2015, 160 mill. kroner i 2016, 100 mill. kroner i 2017 og 100 mill. kroner i 2019. 2024-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2024. Midlane er som tidlegare fordelte mellom fylkeskommunane på grunnlag av ei kartlegging av vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegar gjennomført av Statens vegvesen.

Kolonne 2 – Kompensasjon for meirutgifter knytt til iverksetjing av tunnelsikkerheitsforskrift for fylkesvegar

Fylkeskommunane har sidan 2015 blitt kompenserte for meirutgifter ved forskrift om minimum tryggleikskrav til visse vegtunnelar for fylkesveg og kommunal veg i Oslo (tunnelsikkerheitsforskrift for fylkesveg mv.). Midlane har blitt fordelte mellom fylkeskommunane på grunnlag av berekningar av behovet for kompensasjon, gjennomført av Statens vegvesen. Nye berekningar utført av Statens vegvesen i 2019 viste at kostnadene var undervurderte.

I Nasjonal transportplan 2022–2033 legg regjeringa opp til at fylkeskommunane skal bli kompenserte for meirkostnadane i løpet av planperioden, slik at tunnelane på fylkesvegnettet blir utbetra i samsvar med forskrifta. Midlane har same fylkesvise fordelinga som i 2023.

2024-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2024.

Kolonne 3 – Ras- og skredsikring

Tilskot til skredsikring av fylkesveg blei innlemma i rammetilskotet frå og med 2020. Statens vegvesen har laga eit tilskotprogram for skredsikring på fylkesvegnettet for perioden 2018–

2023, basert på dei økonomiske rammene i Nasjonal transportplan 2018–2029. Tilskotsprogrammet for skredsikring for 2018–2023 er fordelt m.a. etter skissert framdrift i prosjekta i fylkeskommunane. Med statsbudsjettet for 2023 har alle fylkeskommunane fått tildelt midlar i tråd med tilskotsprogrammet for 2018-2023.

I 2024 blir det lagt til grunn same prosentvise fordeling som i heile tilskotsprogrammet for 2018–2023. Samla 2024-beløp er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2024.

Kolonne 4 – Ferjeavløysing

Ferjeavløysingsmidlane er enten tilskot som er overførte frå staten i samband med forvaltningsreforma i 2010, eller fylkeskommunale ferjeavløysingsprosjekt. Tilskotet til dei statlege prosjekta er likt det beløpet ei ferjeavløysingsordning for riksvegferjer ville ha gjeve i 2016. Tala kjem frå Samferdselsdepartementet/Vegdirektoratet. I tråd med retningslinene for ferjeavløysingsordninga er 2024-beløpet prisjustert med 2,5 prosent.

Kolonne 5 – Ikkje-statlege lufthamner

Tilskot til ikkje-statlege lufthamner blei overført til fylkeskommunane som ein del av regionreforma. I 2020 blei 16,2 mill. kroner overførte til drift av Notodden lufthamn i Vestfold og Telemark fylkeskommune. I 2021 blei 30,6 mill. kroner overførte til drift av Stord lufthamn i Vestland fylkeskommune og Ørland lufthamn i Trøndelag fylkeskommune. 2024-beløpet er justert med den anslåtte pris- og kostnadsveksten i kommunesektoren i 2024.

Kolonne 6 – Nullutsleppsferjer

For å gje fylkeskommunane større moglegheit til å prioritere låg- og nullutsleppsløysingar for ferjer og hurtigbåtar, blei 100 mill. kroner av veksten i frie inntekter til fylkeskommunane i 2021 fordelte særskilt til båt- og ferjefylka. 2/3 av beløpet er fordelt etter talet på nullutsleppsferjer i 2020, mens 1/3 av beløpet er fordelt etter ferjekriteriet i kostnadsnøkkelen for 2024.

Samla beløp for 2024 er justert med den anslåtte pris- og kostnadsveksten i kommunesektoren i 2024.

Kolonne 7 – Tilskot til barnevern, Oslo

I 2004 overtok staten det ansvaret fylkeskommunane tidlegare hadde for barnevernet. Oslo sitt ansvar for desse oppgåvene blei vidareførte. Tilskot til barnevern for Oslo er gjeve med ei særskild fordeling i tabell C. I 2015 blei det lagt inn midlar til kjøp av plassar frå ideelle sentre for foreldre og born.

2024-beløpet er ein vidareføring av løyvinga i statsbudsjettet for 2023 og er justert med den anslåtte pris- og kostnadsveksten i kommunesektoren i 2024. Beløpet er vidare oppjustert med den anslåtte veksten i talet på 1–18-åringar i Oslo frå 2022 til 2023.

Kolonne 8 – Tilskot til kapitalkostnader Nordøyvegen

Regjeringa foreslår å løyve i alt 160 mill. kroner i tilskot til dekking av kapitalkostnader i ferjeavløysingsprosjektet Nordøyvegen i Møre og Romsdal. Tilskotet blir fordelt over to år, med 80 mill. kroner i 2024.

Kolonne 9 – Kompensasjon for endringar i inntektssystemet

I 2024 blir det innført ei ny kompensasjonsordning for å ivareta fylkeskommunane som tapar mest per innbyggjar på dei nye endringane i inntektssystemet i 2024. Fylkeskommunar som tapar meir enn 100 kroner per innbyggjar på dei samla endringane blir kompenserte for 50 prosent av tapet ut over 100 kroner per innbyggjar. Den nye kompensasjonen blir finansiert med eit likt beløp per innbyggjar av fylkeskommunar som tener meir enn 10 mill. kroner på dei samla systemverknadene. Kolonne 9 viser samla kompensasjonsordning, medrekna finansieringa av ordninga.

Fordelingsverknader av nytt inntektssystem 2024 er vist i tabell B-fk.

Kolonne 10 – Sum saker med særskild fordeling

Sum av kolonne 1–9. Summen er nytta i tabell 2-fk, kolonne 3.